

Arkivnr: 2017/736-51

Saksbehandlar: Eirik Knive

**SaksframleggSaksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.11.2017

**Turskiltprosjektet 2017 – ekstra tildeling****Samandrag**

Føremålet med Turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfærdslse der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking, jmf. Regional kulturplan 2015-25.

Det kan søkjast frå frivillige organisasjonar og foreiningar (idrettslag, speidar, grendelag, velforeiningar, turlag, interkommunale friluftsråd m.fl.) registrert med organisasjonsnummer i det offentlege frivillighetsregisteret. Kommunar, reiselivsorganisasjonar, hytteforeiningar og andre interessentar kan søkje saman med ein frivillig organisasjon eller eit interkommunalt friluftsråd.

Det er krav om 50% eigne ressursar (dugnad og/eller eigne midlar) og at ein representant frå søkar skal gjennomføre kurs i nasjonal merkestandard, eller dokumentere tilsvarende kompetanse på feltet. Fylkesrådmannen viser til retningslinjene til Turskiltprosjektet og rår til at ein prioriterer dei søknadane som omhandlar informasjon, skilting og merking i nærleiken av der folk bur og oppheld seg.

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2017 (ekstrautlysning)	550 180 kroner
Søknadsfrist 2017:	15. september
Vedtaks kriteria:	KIRU18.1.2017: PS <a href="#">8/2017</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Turskiltprosjektet</a>

<b>Turskiltprosjektet – ekstrautlysning høsten 2017</b>	
Tal på søknadar:	10 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	8 søknadar
Samla søknadssum:	888 640 kroner
Tilrådd til fordeling:	550 180 kroner

<b>Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til fordelinga:</b>
<p><b>Økonomi:</b> Tildelingsgruppa vedtok å lyse ut resterande midlar frå Turskiltprosjektet kr 306 500 (2017) saman med restbeløp frå inndraging av midlar (2014) kr 42 000 og overskot frå Vestlands-prosjektet (2011-2013) kr 86 680. I tillegg foreslår fylkesrådmannen å omdisponere kr 118 000 frå kartlegging og verdsetting av friluftsområder. Til rådvelde står til saman kr 550 180. Desse midlane vart i sak 49/2017 (KIRU 26.04.17) avsett til kompetansehevande tiltak i form av erfaringssamlingar, følgje opp kommunane til å nytte datagrunnlaget aktivt i planarbeid i etterkant, og motivering av dei siste kommunane med mål om prosjektdeltaking i 2018. For å auke breidda i deltakarar frå kva kommune har fokus vore på oppsøkjande verksemd i kommunane, framfor å arrangere regionale nettverkssamlingar. Såleis står desse midlane ubrukt og fylkesrådmannen tilrår å omdisponere midlane frå budsjettpost 10.400.450.21 til budsjettpost 400.450.20. Begge budsjettpostane omhandlar tilrettelegging for meir fysisk aktivitet blant befolkninga i Hordaland.</p>

**Klima:** Turskiltprosjektet vil ha ein effekt på klima ved at tiltaket kan bidra til å redusere transportbehovet ved auka tilrettelegging for gåande og syklende i nærområdet.

**Folkehelse:** Friluftsliv er eit nærmiljøtiltak befolkninga nyttar mest og ønskjer å nytte meir. Tiltaket tilrettelegg for auka bruk av ulike typar friluftsområde til fysisk aktivitet og som sosial møteplass.

**Regional planstrategi:** Turskiltprosjektet bidrar til mål 2.2 *eit inkluderande samfunn* ved strategi, 2: *Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet*. Skilting og merking i nærmiljøet bidrar til å leggje tilrette for uorganiserte aktivitetar i nærmiljøet som bidrar til å auke og styrke sosiale relasjonar gjennom verdifulle og helsefremjande opplevingar. Turskiltprosjektet bidrar mot same mål gjennom strategi 3. *utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter* gjennom auke tilgangen på rekreasjonsområde og nærfriluftsområde som møteplassar for alle.

### Forslag til vedtak

1. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling vedtek å omdisponere kr 118 000 frå budsjettpost 10.400.450.21 kartlegging og verdsetting av friluftsområder til budsjettpost 400.450.20 turskiltprosjektet.
2. Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 550.180 kroner over budsjettpost 400.450.20 til skilting og merking av turløyper slik:

	Namn på søkjar	Kommune	Tiltak	Tilråding
1	Bergen og Hordaland Turlag	Kvam og Voss	Informasjonstavler ved stistart ved 2 stader (Mjølfjell og Fitjadalen)	15 000
2	Framtid for Lykling	Bømlo	Gullgruveområdet Lykling	Avslag
3	Fusa kommune, Fusa Turlag	Fusa	Informasjonssentralar - friluftsliv	105 000
4	Kvam næringsråd, Kvam kommune	Kvam	Tur stiar i Ålvik	93 000
5	Os kommune, Os Turlag	Os	Vidaresatsning av turløyper i kommunen	134 000
6	Stord kommune og Stord/Fitjar Turlag	Stord og Fitjar	Klovskardfjellet, Nesskogen og Lysløyppa på Stord	80 000
7	Stord Fitjar Turlag/ Stord kommune	Stord	Komplettering av eksisterande skiltprosjekt	Avslag
8	Sysendalen Hyttevevforbund	Eidfjord	Utskifting av skilt	90 000
9	Ulvik Turlag	Ulvik	Stølstrim	25 000
10	Fitjar kommune og Fitjar Turlag	Fitjar	Rundløype i Fitjar sentrum	8 180
		<b>9</b>		<b>550 180</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Fylkesrådmannen, 27.10.2017**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.